



Koret saman med kantor Håvard Skaadel i Norheim kyrkje

Røysterett for alle har i helga vore på ein vellukka miniturne til Haugesund og Etne. I Norheim hadde koret 3 innslag i gudstenesta med mellom anna song til nattverden, Kantor Håvard Skaadel spela Ave Verum på orgel. Det var barnedåp og mykje folk.

Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi der koret framførte songar med arrangement av Per Indrehus.

I den nye kyrkja i Etne skipa soknerådet til eigen konsert med gjestekoret, Håvard Skaadel og Solveig Sørheim. Koret var godt nøgde med konserten som 50 gjester overvar.

Tekst: Kristian Olav Bringedal

Foto: Privat

Nett: Ola Matti Mathisen